

Moste sankelag
v/Øystein Havrevoll, Sæterbakken
Messenlivegen 829, 2611 Lillehammer
E-post: oehavre@frisurf.no

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Høyring - Utkast til forskrift om rovvilterstatning for husdyr og tamrein

Bakgrunn for grunngjevinga vår

Moste sankelag er eit lokalt sankelag i Ringsaker sauebeitelag. Sankelaget slepper ca 1600 sau og lam i utmarka aust for Sjusjøen i Ringsakerfjellet. Dette dyretalet utgjør ca 10 % av totalt tal sleppte dyr i Ringsaker sauebeitelag. Beitområdet er for det mest skogsbeite i høgde frå 600-900 m.o.h. Det er eit godt utbygd vegnett til setervangar i området. Grunneigar er Ringsaker Almenning og Philske Sameie. Me har registreringar over tal sleppte dyr, tap av dyr og tapsårsaker sidan 1950-talet. I år utan særleg rovdyråtak ligg tapet av lam og sau på 2-3 %. Dei siste 5-6 åra har me nesten kvart år hatt streifdyr av bjørn og ulv i sankeområdet vårt med høgare tap som resultat. Sankelaget har ei systematisk vaktordning slik at kvar veke blir delt på to saueeigarar som kvar går minst 2 dagar i området. I tillegg blir alle saueeigarane oppmoda til å sjå om sine dyra minst ein gong i veka heile sommaren. Når me oppdagar åtak av rovdyr, blir alle saueeigarane kalla ut for å gå manngard i området i fall det skulle vera skada dyr.

Erstatning for dokumenterte og udokumenterte tap - normaltap av dyr på beite

Det er politisk vilje til å ha eit visst nivå av gaupe, ulv, bjørn og jerv her i landet. Dette må sauenæringa ta til etterretning. Difor er det naturleg at myndighetene går inn og yter erstatning både ut frå dokumentert og udokumentert rovviltsskade slik praksisen har vore fram til nå. Erfaringar med udokumentert rovviltsskade viser at "normalnivået" blir auka over tid når det er jamt med rovdyr i eit område. Dermed blir det saueeigarane som overtek samfunnsansvaret. I Moste sankelag som i mange andre område finst det god dokumentasjon på normale tap og variasjonar i tap frå år til år. Dette må ein kunna leggja til grunn når det gjeld søknad om udokumentert tap.

Avviser førehandsutbetalt risikoerstatning

Moste sankelag vil **gå sterkt i mot** framlegget frå Miljøverndepartementet etter krav frå fleirtalet i Stortinget om å førehandsutbetala erstatning ut frå ei risikovurdering for tap av rovdyr i området. Stortinget og Miljødepartementet trur at førebyggjande tiltak frå saueeigaren kan redusera tapet i eit område med både småfe og rovdyr. Dette er feil. Men godt tilsyn kan redusera lidningar hos rovdyrskada dyr. Sterk trafikk i eit beiteområde kan i beste fall uroa rovdyra og skræma dei til andre beiteområde. Men skitt i Noreg leve Toten! Framlegget ber preg av at politikarane på Stortinget og embetsverket ikkje har tillit til sauenæring og det arbeidet som blir lagt ned med tilsyn av dyr på beite. Her har sauenæringa ei utfordring. Ei ordning med førehandsutbetalt risikoerstatning vil føra til at endå meir av samfunnsansvaret for å ha store rovdyr blir skuva over på husdyrhaldarane. Det kan også gi urettvise utbetalingar både mellom distrikt, mellom ulike bønder og frå år til år.

Småfe skal behandlast forsvarleg og omsorgsfullt

Det er eit tungt ansvar for ein sauebonde å sleppa dyra sine i utmark når ho eller han veit at dei kan bli utsette for rovdyråtak. Dårlegare økonomi i sauehaldet kan bli resultatet både på grunn av mindre tilvekst hos dyra og direkte tap av dyr. Men den psykologiske på kjenninga hos bonden er endå verre. Dette gjer at mange av oss vil halda dyra heime eller slutta med sau dersom tapet aukar. I "Forskrift om velferd for småfe" fastsett av Landbruksdepartementet 18.02.05 og gjeldande frå 1.03.05 står det i §4 Generelle krav:

Småfe skal behandles forsvarlig og omsorgsfullt, og det skal tas hensyn til dyrenes mentale og fysiologiske behov. Småfe skal beskyttes mot unødig lidelse.

Her vil me spørja Stortinget og Miljøverndepartementet kva konkrete førebyggjande tiltak skal Moste sankelag setja inn, og få førehandutbetalt vederlag for, når det er ulv og bjørn i beiteområdet vårt? Kan ekstra tilsyn utover det som er nemnt i første avsnitt verna dyra våre mot unødig lidning slik *Forskrift om velferd for småfe* krev og som alle saueeigarar ynskjer å tilfredsstillast? Er åtak av rovdyr på sau og lam ei unødvendig lidning?

Lismarka, 29. april 2005

Moste sankelag



Øystein Havrevoll
leiar